

Askøy kommune
ved Ivar Ådlandsvik
5323 Kleppestø

Dato: 24.02.2015
Vår ref.: 2014/12797-5
Saksbehandlar: benutne
Dykkar ref.: «REF»

Rundkøyring Fv 563 Florvåg – Frank Mohn AS

Vi viser til e-post av 23.02.15 frå Askøy kommune, der det går fram at leiinga i Frank Mohn AS uttrykkjer misnøye med at Hordaland fylkeskommune sitt bidrag til rundkøyringa på Florvåg ikkje er større enn ei forskottering på 1,5 mill kr. Det vert vist til at Block Watne AS har fått tilsagn om 12 mill kr som forskottering til etablering av fortau langs Fv 212 i høve utbygging av bustadfelt, og ein meiner dette er ulik behandling. Vidare vert stilt spørsmål til at forskotet skal vera ein del av fylkeskommunen sitt tilskot til Askøypakken.

Om forskotteringssummen på 1,5 mill kr: Søknaden frå Frank Mohn Eigedom AS om forskottering på 15 mill kr vart handsama i Fylkestinget 09.12.14 i sak PS 87/2014, med følgjande vedtak:

- 1. Frank Mohn Eiendom AS får forskottera inntil 1,5 mill. kr av sine kostnader til rundkøyring mv. på Fv 563 ved Florvåg.*
- 2. Forskotteringa er på vanlege vilkår, utan renter og prisstigning.*
- 3. Refusjonen skjer etter tur/alder, som del av Hordaland fylkeskommune sitt bidrag til Askøypakken.*

Søknaden frå Frank Mohn Eiendom AS vart handsama i samsvar med Fylkestinget sitt vedtak PS 61/2014, prinsippsak i høve forskottering i saker der det ligg føre utbyggingsavtalar og rekkefølgjekrav. Vedtakspunkt 1 er som følgjer: «*Rekkefølgjekrav for privat(e) utbyggjar(ar) som gjeld fylkesvegar, er primært eit krav som utbyggjar(ane) må oppfylle utan fylkeskommunal løyving*». Dette er ei innskjerping i forhold til tidlegare praksis, og dermed vil praksis før og etter dette vedtaket bli ulik. Dette er diverre uunngåeleg når ein gjer prinsippendingar.

Hordaland fylkeskommune er sjølvstendig positiv til at private utbyggingar medfører oppgradering av fylkesveg. Som kjent er behova for opprustning av fylkesvegane langt større enn midlane til rådvelde. Dei fleste vil sikkert vera samde i at det blir feil om ulike rekkefølgjekrav skal vera styrande for fylkeskommunen sine prioriteringar av knappe fylkesvegmidlar. Hordaland fylkeskommune ønskjer å prioritera ut frå overordna og heilskaplege vurderingar gjennom dei etablerte prosessane. PS 61/2014 opnar likevel for fylkeskommunalt tilskot og forskot til prosjekt med private rekkefølgjekrav som ut frå «*overordna og heilskapleg prioritering, uavhengig av utbygginga, ville medført utbetring/bygging*». Statens vegvesen vurderte at det utan Frank Mohn si utbygging ikkje ville vore påkravd med rundkøyring, men ei mindre utbetring av vegen der. SVV har estimert nødvendig utbetring til 2,5 til 3 mill kr. Når både Frank Mohn og HFK «må ta» ei slik oppgradering, synest det rimeleg å dela beløpet, altså 1,5 mill kr som bidrag frå HFK.

Forskotteringa som Askøy kommune viser til, antar vi er Fylkestinget sitt vedtak frå 12.10.10, der Adams Express Eiendomsinvest AS fekk forskottera inntil 15 mill kr til oppgradering av veg/trafikksikring og fortau langs Fv 212 ved Follese. Block Watne har kjøpt området frå Adams Express, men tiltaket er ikkje gjennomført enno.

Om Askøypakken: Vi viser vidare saksframlegget til PS 87/2014. Der går det fram at når fylkeskommunen bidreg i bompengepakkar, vil prinsippet vera at ein ikkje har ytterlegare fylkesvegmidlar til desse bompengeprojekta/områda. Dette har til dømes vore prinsippet i Bergensprogrammet i lengre tid, og vil også vera prinsippet for framtidige bompengepakkar. Vi kan også nemna at fylkeskommunen tidlegare godkjende fleire forskottingar for Askøy kommune med refusjon i ein framtidig Askøypakke. Desse forskottingane vart tilbakebetalt til Askøy kommune, og i praksis medfører dei at fylkeskommunen sine løyvingar til Askøypakken kjem tidlegare enn føresett i Regional Transportplan.

Håkon Rasmussen
fylkesdirektør samferdsel

Bente Utne
seniorrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Kopi til:
Statens vegvesen Region vest